

Låtefossen

EI UTILPASSA ELV

LÅTEFOSSEN, eller rettare sagt fossane, styrtar 165 meter utfor fjellet, 51 av dei i fritt fall – til glede for dei mange turistane ved riksvegen under. Det spektakulære synet er i hovudsak sett i scene av Storelvi i dalen nedanfor fossen.




Svein Nord

Langs riksveg 13 renn Storelvi i ein dal med retning sør-nord. Dalen følgjer ei forkastingszone med mykje sprekkar og laust fjell. At det er planar om å leggja vegen i tunnel på denne strekkinga, er ikkje rart. Det rasar ofte stein ned på vegen. Steinurer langs begge dalsider og kampesteinar på elveslettene og ute i sjølve elva vitnar òg om laust fjell. Ein av tunnelane ved Sandvinvatnet nedanfor Storelvi heiter med rette Lausasteinstunnelen.

Før istidene var ikkje dalen så djup. Saman med andre elvar nådde Storelvi sjøen heilt ute ved kysten, der Hardangerfjorden no munnar ut. Under istidene grov breane ut fjordane – og Storelvi fekk mykje stuttare veg ned til sjøen. Elva vart tilsvarende bratt. Det oppknuste fjellet gjorde at ho kunne grava seg ekstra djupt ned i terrenget. Derfor har ho vore i stand til å jamna ut elveprofilen, særleg nedanfor Steinaberg bru, der elva etter kvart går over frå jamne stryk til å flyta stille ned mot Sandvinvatnet. Annleis er det med sideelva Austdøla med vatn frå Reinsnosvatnet, og lenger nede, Låtevatnet: Med fastare fjellgrunn og mindre vatn i elveleiet har ho ikkje makta å grava like snøgt som Storelvi. Låtefossen er resultatet. Dei to nesten like store fossane kjem frå same vatnet. Det kjem av to utløpstersklar i om lag same høgd. Ein gong i fjern geologisk framtid vil fossane vera vekke – Austdøla vil ha tilpassa seg dal-

botnen som Storelvi så effektivt har meisla ut. Men enn så lenge er Austdøla *utilpassa*.

Låtefossen skil seg frå mange andre vestlandsfossar. Til vanleg lærer vi at hengjande dalar kjem av at hovudbrear har grave djupare enn sidebrear, slik det er mange døme på i Odda. Dette fører til at elva i sidedalar har fossefall eller stryk ned til hovuddalen. For Låtefossen er situasjonen ein annan: Hovuddalen der Storelvi renn, er ikkje breen, men elvane sitt verk. Meir effektivt elvearbeid i hovuddalen enn i sidedalen, der Austdøla renn, har gitt unnarenn for Låtefossen.



Skilnaden mellom ei tilpassa og ei utilpassa elv. (Wojtek Nemeć)

EI GODT TILPASSA ELV

Tvers over Røldalsvatnet frå Håraneset, godt synleg frå europavegen, ligg eit gjel med ei elv i jamt sig ned mot vatnet. Med titusenvis av år, laust fjell og rikeleg med vatn til hjelp har GRYTØYREIVA skore ut eit jamt elvefar utan fossar heile vegen ned til det djupt nedskorne Røldalsvatnet. Slik har elva tilpassa seg nivået til vatnet. På veg ned renn elva gjennom eit stort gjel, Grytøyrjuvet, som er 150–200 meter djupt på det meste. (Foto: Svein Nord)



SØTEROT

Blomande søterot i fjellet er eit vakkert og vanleg syn i fjella i indre strøk av fylket. Den staselege planta stiller ikkje store krav til jordsmonnet. Namnet skulle tyda på at søterot hadde ei søt og vel-smakande rot, men det er langt frå tilfellet. Eit gammalt vers fortel om namnet: «Vil du kalle meg søte, skal eg skaden bøte, men vil du kalle meg beiskerot, så gjer eg inga bot.» Rota er svært beisk og gir ein ettersmak som varer i mange timar. Søterot er ei lækjeplante, som har vore mykje nytta i mat, drikke og medisin. Rota blir framleis seld som eit middel for å betra fordøyinga.

(Foto: Bjørn Moe)

